

VÅRMARKNADEN



AVSTANDAR CAMPING

Av omsyn til smittefaren ved brann må ingen del av campingeininga (campingbil, campingvogn, telt) plasserast nærare annan eining enn 4 meter. Personbil som ikkje kjem i følgje med kjøpt campingplass, skal parkerast på gjesteparkering.

For kvar 1200 m² med campingeiningar, skal det vere eit seksjonerings-belte på minst 6 meter. Dette beltet skal hindre ein brann i å smitte over, samt at det skal gje sløkkjemannskap fri veg.

Campingvogner skal plasserast med draget tilgjengeleg for rask tilkopling til bil ved evt. evakuering.

RØYKVARSLAR- OG SLØKKJEUTSTYR

Alle bueiningar skal vere utstyrt med røykvarslar- og eit pulverapparat (min. 2 kg ABE). Ein røykvarslar vil varsle deg tidnok til at du har moglegheit til å komme deg i sikkerheit. Kontroll kan bli gjennomført.

BRENNBART AVFALL/PAPP OG PAPIR

Det er viktig at det ikkje blir lagra brennbart avfall, spesielt papp og papir, inne på eller rundt stand- og campingplass. Vi har kjeldesortering og miljøstasjonar, desse skal nyttast til å halde standplass og campingplass ryddig til ei kvar tid.

VED BRANNTILLØP

Alle tilløp til brann skal straks meldast på tlf. 110. Opplys namnet ditt, kvar du er og kva som har hendt. Varsle dei som er truga av brann og evakuer dei. Iverksett slokkingstiltak.

BRUK AV OPEN ELD/GRILLING

Det er ikkje tillate med open eld på plassen utan godkjenning. Grilling kan berre skje ute. Det skal vere minst 1 meter avstand frå telt-/campingvogn til grill. Forlat aldri ein gassgrill i drift. **Bruk av eingongsgrill er ikkje lovleg på Dyrsakuplassen.**

PROPANLEKKASJE.

Dersom du oppdagar propanlekkasje, skal hovudkrana straks stengast og reguleringsventilen koplast frå flaska. Stans all bruk av open eld. Lokaliser lekkasjen; er den frå flaska, transporter den vekk frå campingplassen. Varsle brannvesenet.

Brann	110
Legevakt - akutt / ambulanse	113 / 116117
Politi	112 /02800

Kontakt under arrangementet:

Alle spørsmål i samband med reglane rettast til Utstillaransvarleg eller Vakt- og beredskapsleiar